

**DELEGERING
AV
ADMINISTRATIV AVGJERDSMAKT**

Tokke kommune



Fastsett av kommunedirektøren 26.04.2021

§ 1 -1 Innleiing

All avgjerdsmyndighet tillagt administrasjonen i Tokke kommune, både i saker som gjeld tilhøva internt (eigne tilsette m.v.) og i saker der publikum direkte eller indirekte er part, vert utøvd på vegne av og på delegera myndighet frå kommunestyret.

Dette reglement gjev føresegner for korleis delar av kommunedirektøren si avgjerdsmyndighet er ført over til kommunalsjef m.fl.

§ 1 - 2 Generelle føresegner

Med kommunalsjef er det i dette reglement òg meint organisasjonssjef og økonomisjef om ikkje anna er sagt i den einskilde paragraf.

Når ein kommunalsjef er delegera myndighet inneber dette at det daglege ansvaret for dette sakfeltet ligg til vedkomande, på vegne av kommunedirektøren.

Kapittel 1 i Tokke kommune sitt politiske delegasjonsreglement gjeld òg for administrative vedtak, her òg at avgjerdsmakta kan først vidare til underlagte stillingar eller namngjevne personar.

Fast delegering av avgjerdsmyndighet skal gjerast skriftleg.

§ 1 - 3 Klagehandsaming

Føresegner for klagehandsaming gjeng fram av forvaltningslova. For fleire særlover og delar av særlover er fylkesmannen klageinstans jf. det politiske delegasjonsreglementet §1-6.

Nedanfor er berre nemnd hovudreglane i korte trekk der kommunen sjølv er klageorgan:

1. Einskildvedtak som gjeld ålmenta, kan som hovudregel klagast over ein gong. Kommunen skal gjere ein søkjar merksam på retten til å klage når søknaden ikkje er imøtekomen fullt ut.
2. Vedtak kan gjerast om til både til ulempe og til bate for søkjar når kommunalsjef finn at det har kome fram nye opplysningar i saka utan omsyn til om det ligg føre ei klage eller ikkje. Høvet til omgjering blir meir komplisera når det er fleire partar med motstridande interesser i ei sak – søk råd.

Omgjering av vedtak til ulempe for den det gjeld kan berre finne stad med heimel i særlege vilkår fastsett i lova.

3. Held kommunalsjef fast på tidlegare vedtak vert klaga lagt fram for hovudutval, som kan stadfeste, eller heilt eller delvis omgjere vedtaket som overordna organ. Dette er del av kommunen si handsaming i fyrste instans etter lova. Held hovudutvalet fast på det påklaga vedtaket vert klagesaki oversendt kommunedirektøren.

4. Kommunale tenestemenn som har lagt til rette for vedtaket i fyrste instans (vore inne i vurderinga), er ugilde til å sakshandsame klagesaki for klageorganet (formannskapet eller kommunestyret).

5. Formannskapet er klageorgan for saker der kommunen er tillagt avgjerdsmyndighet. Kommunestyret i saker der formannskapet gjer vedtak som fyrste instans. Gjer kommunen vedtak i medhald av delegera myndighet frå staten, er normalt fylkesmannen klageorgan.

§ 2 Skriftlege og munnlege vedtak

All utøving av mynde er i prinsippet (einskild)vedtak, men ikkje alle vedtak kan eller bør gjerast skriftleg.

Følgjande generelle føresegner gjeld:

- skriftlege søknadar skal få skriftleg svar og/eller vedtak
- i saker der administrasjonen utøver mynde i medhald av lov, forskrift eller kommunalt vedtak og som gjeld publikum, skal vedtak/svar som hovudregel gjerast skriftleg jamvel om publikum har vendt seg munnleg til kommunen.
- andre løpande avgjerder gjerast munnleg om ikkje det er grunn til å tru at krav om dokumentasjon kan koma.

§ 3 Generell delegering til kommunalsjef

Kommunalsjef hev mynde til å taka avgjerd i alle løpande driftssaker innanfor eige ansvarsområde og som er delegera til kommunedirektøren.

§ 4 Budsjett og økonomi

Kommunalsjef tilvisar for driftsbudsjettet innan eige planområde.

PNT-sjef tilvisar for investeringsbudsjettet med unntak for IKT- utstyr og anna innan planområde 1 som tilvisast av kommunedirektøren.

Tilvisningsfullmakt for særskilte prosjekt kan gjevast som det høver i den einskilde sak.

Kommunalsjef kan omdisponere i budsjettåret innan eige planområde så langt Tokke kommune sitt økonomireglement og rekneskapsføresegnene gjev høve til.

§ 5 Delegering til kommunalsjef i personalsaker

Kommunalsjef utøver arbeidsgjevar sin styringsrett og styringsplikt i saker som ikkje er prinsipielle, jf delegeringsreglementet for Tokke kommune kap. 9.

Kommunalsjef gjev permisjon i i tråd med permisjonsreglement og avtaleverk.

Kommunalsjef kan tilsetje i vikariat og i mellombels stillingar, samt konstituere i ledige stillingar i inntil 6 månader, men innanfor budsjettet sine rammer.

Løns- og arbeidsvilkår som er avvikande fra Tokke kommune sine vanlege vilkår innanfor samanliknbare stillingar ligg til kommunaldirektøren å taka avgjerd om.

Kommunalsjef gjer vedtak om avvikling av ferie for eigne tilsette.

Kommunalsjef tek avgjerd om arbeidsgjevarfinansiert elektronisk kommunikasjon i medhald av reglement og innanfor eige budsjett.

Kommunalsjef tek avgjerd om påskjøning av eigne tilsette i tråd med kommunens gåvereglement.

§ 6 Innstilling for politiske utval

Kommunalsjef innstiller på vegne av kommunedirektøren i saker der eige hovudutval samt utval underlagt vedkommande hovudutval, gjer endeleg vedtak.

§ 7 Særskilt delegering til stedfortredar

Kommunedirektøren kan utnemne ein stedfortredar som har generell fullmakt til å skrive under og tilvise i kommunedirektøren sitt fråvær, og møter på vegne av kommunedirektøren i kommunestyret, formannskapet og administrasjonsutval om kommunedirektøren sjølv ikkje møter.

§ 8 Særskilt delegering til organisasjonssjef

Organisasjonssjef har fullmakt til å skrive under og tilvise i kommunedirektøren sitt fråvær.

Organisasjonssjef møter i tilsetjingsutvalet på vegne av kommunedirektøren - kommunalsjefens tilråding skal normalt leggjast til grunn som arbeidsgjevars syn.

Organisasjonssjef handsamar permisjonar i tråd med permisjonsreglementet i dei saker som ikkje er delegert til kommunalsjef.

Organisasjonssjef tek avgjerd i spørsmål om lønsansiennitet.

Personalsjef disponerar kommunale bustader og tek avgjerd om utleige og vilkår.

Organisasjonssjef godkjenner godtgjersle for tapt arbeidsforteneste for kommunale tillitsvalde.

Organisasjonssjef er delegert det daglege ansvaret for kommunens arkivteneste på vegne av kommunedirektøren jf arkivlova § 6 og arkivforskrifta.

§ 9 Særskilt delegering til økonomisjef

Økonomisjef innstiller til og møter på vegne av kommunedirektøren i takstutvalet.

Økonomisjef delegerast mynde til å fråfalle pant eller prioritet i mindre parsellar når det ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Økonomisjef forvaltar kommunen sine økonomiske midlar på vegne av kommunedirektøren.

§ 10 Særskilt delegering til Plan- næring og teknisk sjef (PNT-sjef)

PNT-sjef har fullmakt til å:

1. Avgjere søknader om tilskot som gjeld eige planområde (4) til bygging av bustadhus i spreidd område, vøling av eldrebustader, private vass- og kloakkanlegg, rasutgreiing m.m, på vilkår fastsett av kommunestyret.
2. Selje bustadtomter i kommunale bustadfelt samt feste bort og selje hyttetomter.
3. Ta avgjerd i saker som gjeld mellombels bruk av kommunal eigedom og grunn til utstillingsplass, parkeringsplass, hogging av ved, rydding m.v.

Lov av 10 juni 1977 Nr. 82 om motorisert ferdsel i utmark.

Søknader om løyve til bruk av snoskuter i samsvar med vilkår fastsett av kommunestyret og LMT, samt søknader om anna bruk av motorkøyrety - jf § 6.

Lov av 28 nov 2003 Nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom.

Kommunen si mynde i medhald av lova i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 12 mai 1995 Nr. 23. Lov om jord (jordlova).

Kommunen si mynde i medhald av lova i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 27.mai 2005 nr 31. Lov om skogbruk.

Kommunen si mynde som skogoppsyn til å gjere vedtak og innstille til fylkeskommunale og statlege organ, i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 27. juni 2008 nr 71. Plan og bygningslova.

Kommunens mynde til å gjere vedtak i medhald av lova i saker som ikkje er prinsipielle, og som det etter lova er høve til å delegere til administrasjonen.

Lov av 17. juni 2005 nr 101 om eigedsregistrering (matrikkellova).

PNT-sjef blir delegert mynde til å gjere vedtak i medhald av lova i saker som ikkje er prinsipielle, og som det etter lova er høve til å delegere til administrasjonen.

PNT-sjef møter på vegne av kommunen ved kart og delingsforretningar.

Lov av 23.mai 1997 nr 31 om eigarseksjonar (eierseksjonsloven).

PNT-sjef blir delegert mynde til å gjere vedtak i medhald av lova.

Lov om jakt og fangst av vilt av 2.april 1982 med forskrifter

PNT-sjef blir delegert mynde til å gjere vedtak på vegne av kommunen i saker etter viltlova med forskrifter. Dette gjeld ikkje overordna mål for hjorteviltforvaltninga - jf hjorteviltforskrifta §3.

Lov av 15. mai 1992 nr 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v.

Kommunen si mynde til å gjere vedtak i medhald av lova blir delegert PNT-sjef i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.juni 2009, naturmangfaldslova

PNT-sjef blir delegert mynde til å gje løyve til uttak av hjortevilt og bever for å avverje skade etter § 18 fyrste ledd bokstav b, samt til å fjerne beverbustad eller dam for å hindre vesentleg skade.

Forskrift av 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer m.v. av organisk opphav.

Kommunen si mynde til å føre tilsyn og gjere vedtak i medhald av forskrifta blir delegert PNT-sjef i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 16. juni 1961 nr 15 om rettshøve mellom grannar.

PNT-sjef har fullmakt til å opptre på vegne av kommunen i grannetilhøve.

Lov av 21. juni 1963 nr 23. Veglova.

Mynda som vegstyresmakt etter § 9, 3. ledd blir delegert PNT-sjef i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 18. juni 1965 nr 4. Vegtrafikklova med føresegner.

Fullmakt til å gjere vedtak etter § 7 om trafikkforbod m.m. blir delegert til PNT-sjef i saker som ikkje er prinsipielle.

Mynde som skiltmakt og mynde til å gje fråsegn i medhald av FOR 2005-10-07, nr 1219 om offentlege trafikkskilt, blir delegert til PNT-sjef.

Lov av 13. mars 1981 nr 6. Forureiningslova med føresegner.

PNT-sjef blir med heimel i § 83 delegera mynde til å gjere enkeltvedtak i dei høve som er omhandla i §§ 22, 23, 24 og 26, 5. ledd.

PNT-sjef kan etter søknad frita eigedomar frå renovasjonsordninga – jf § 30, 2.1edd.

Mynda kommunen har til å gjere vedtak etter Forureiningsforskrifta (FOR 2004-06-01, nr 931) blir delegert PNT-sjef.

Lov av 14. juni 2002 nr 20 om brann og eksplosjonsvern.

Mynda som kommunen har i medhald av lova blir delegert PNT-sjef i saker som ikkje er prinsipielle og som ikkje er lagt til Vest-Telemark Interkommunale Brannvesen (IKS).

Lov av 28. juni 1957 nr 16 om friluftslivet.

Kommunen si mynde i medhald av lova blir delegert til PNT-sjef i saker som ikkje er prinsipielle.

§ 11 Særskilt delegering til Oppvekst- kultur og idrettssjef

Mynde til å gje løyve til utleige og utlån av skulebygg til andre føremål enn undervisning.

Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæring:

Mynde til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle. Dette femner om godkjenning av søknadar om å få gå på annan skule enn nærskulen – jf ordninga med fritt skuleval og vedtak om ordensreglement for skulen etter reglar gjevne i § 2-9 og § 2-10.

Lov av 17. juni 2005 nr 64 om barnehaqar med føresegner:

Mynde til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 4. juli 2003 nr 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak

Mynde til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 29. juni 2007 nr 89 om offentlege styresmaktas ansvar for kulturverksemd:

Oppvekst- kultur og idrettssjef kan innvilge søknader om støtte til lag, foreiningar og anna kulturverksemd etter retningsliner gjevne av Oppvekst- og kulturutvalet.

§ 12 Særskilt delegering til Helse- og omsorgssjef

Lov av 2. juli 1999 nr 63 om pasient og brukarrettar

Helse- og omsorgssjef har delegert dagleg ansvar for kommunen sine oppgåver etter lova, og til å gjere vedtak i medhald av lova så langt lova tillet.

Lov av 24. juni 2011 nr 29. Folkehelseova.

Helse- og omsorgssjef har delegert dagleg ansvar for folkehelsearbeidet og til å gjera vedtak i medhald av lova så langt lova tillet.

Lov av 24. juni 2011 nr 30. Helse- og omsorgstenestelova.

Helse- og omsorgssjef blir delegert dagleg ansvar for helse og omsorgstenestane i kommunen og til å gjera vedtak i medhald av lova så langt lova tillet.

Forskrift av 16. des 2011, nr 1349 om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

Helse- og omsorgssjef har fullmakt til å gjere vedtak i samsvar med forskrifta.

Forskrift av 15. mars 1994 om parkering for forflytningshemma.

Helse- og omsorgssjef har fullmakt til å gjere vedtak i samsvar med forskrifta.

Lov av 5. aug 1994 nr 55 om smittevern.

Helse- og omsorgssjef peikar ut kven som til ei kvar tid er smittevernlege og som tek seg av kommunen sine oppgåver i medhald av lova § 7-2.

§ 13 Særskilt delegering til NAV-leiar

Den mynde som er delegert Kommunedirektøren i Tokke i medhald av samarbeidsavtale om NAV Vest-Telemark delegerast NAV-leiar.

For Tokke gjeld fylgjande delegering:

Lov av 18. des 2009 nr 131 om sosiale tenestar i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Mynde til å leie og administrere den mynda og dei oppgåvene som kommunen er gjeve i medhald av lova kapittel 2, §3.

Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i §17 *Opplysning, råd og rettleiing*.

Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i §18 *Stønad til livsopphald*.

Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i §19 *Stønad i særleg tilfelle*.

Mynde til å gjere vedtak om bruk av vilkår for tildeling av økonomisk stønad heimla i §20 *Bruk av vilkår*.

Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i §27 *Mellombels butilbod*.

Mynde til å gjere vedtak om tilbakebetaling av økonomiske ytingar heimla i §23 *Verknad av at det er gjeve urette opplysningar*.

Mynde til å gjere vedtak om inndrivning av utbetalte økonomiske ytingar heimla i §23 *Verknad av at det er gjeve urette opplysningar* og §24 *Inndrivning av lån og andre former for dekning*.

Mynde til å gjere vedtak om og til utarbeiding av individuell plan for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester heimla i §28 *Rett til individuell plan*.

Mynde til å gjere vedtak som underinstans i klagesaker som ikkje er av prinsipiell tyding, og i klagesaker der vedtaket er heimla i §§15,18, 19, 20, 23 og 24.

Mynde til å gjere vedtak om tildeling av kommunale tenester heimla i §29 *Kvalifiseringsprogram*, § 30 *Kvalifiseringsprogrammets innhald*, §31 *Iverksetting av programmet* og §32 *Programmets varigheit*.

Mynde til å gjere vedtak om utlevering av opplysningar til fylkesmannen.

Mynde til å utføre rapportering til SSB og årleg KOSTRA-rapportering.

Mynde til å utarbeide verksemdsplan, budsjett, budsjettrapportar og årsmelding.

§ 14 Særskilt delegering til seniorrådgjevar i kommunedirektørens stab

Fordele stønad til politiske parti etter reglar fastsett av kommunestyret.

Lov av 2. juni 1989 nr 27. Alkohollova.

Fullmakt til å:

1. Godkjenne søknadar om ambulerande skjenkeløyve i medhald av § 4-5 og søknad om skjenkeløyve for eit enkelt høve § 1-6, samt fastsette vilkår i medhald av § 4-3 og godkjenne skjenkestyrar til dette.
2. Gje løyve til utvida skjenketid i einskilde høve, jf § 4-4, 3.ledd.
3. Fastsetje det årlege gebyr for løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drykk i medhald av alkoholforskriften § 6-2.
4. Gje løyve til sal av alkoholhaldig drikk jf § 1-6 2.ledd, for eit einskild høve.
5. Gje utvida løyve til skjenking utanfor skjenkelokalet for eit einskild høve, jf § 4-2, 4.ledd.
6. Godkjenne ny løyvehavar ved utsalsstad for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol i løyveperioden, jf § 1 7c.
7. Godkjenne ny løyvehavar, skjenkestyrar og stedfortredar for same skjenkelokale i løyveperioden, jf § 1 7c.
8. Mynde til å tildele prikkar og å inndra sals- og skjenkeløyve i inntil 1 veke i medhald av alkoholforskrifta kap 10.